

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit		21/881

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2021	Teknisk utval	PS	23.11.2021
012/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022
	Kommunestyret	PS	

## Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal, Masfjorden kommune, Vestland

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

#### § 1 Opning av jakt

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

#### § 2. Minsteareal

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

#### § 3 Verknadsdato.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

TU (Teknisk Utval) ba administrasjonen i møtet 19.05.2021 utarbeida eit forslag til ny forskrift for minsteareal i Masfjorden. Administrasjonen orienterte om 50% regelen i hjorteviltforskrifta - §7 fravik fra minstearealet. Denne regelen skal ikkje nyttast på dei fleste vald som i dag, då ein ikkje har noko verktoy lenger til å auka tildelinga av løyver. Då hjortestammen har vore i auking lenge, må minstearealet setjast ned ein heil del. Hjortestammen er ein heilt anna i dag enn i 1993/94 revidert i 2001, som gjeldande forskrift er frå. Forskrifta om lag halverer arealgrensa då stammen er auka tilsvarande. Minstearealet bør samstundes vera meir i tråd med nabokommunane, samt kva areal hjorten nyttar. Tiltakande skader og avlingstap på innmark, samt skader på skog er moment som vert vektlagt for denne endringa i forskrifta. Forslag til ny forskrift for Masfjorden kommune har vore på

høyring til valdansvarlege, leiarar i BPO, organisasjonane i landbruket i kommunen, Vestland Fylkeskommune, Statsforvaltaren og nabokomunar. Det har berre kome innspel frå Vestland Fylkeskommune. I tillegg til behovet for ny forskrift for heile kommunen, med mykje hjort og aktivt jordbruk, er det vore fremma eit ønskje om reduserte minsteareal og høgare avskyting. Forskrifta legg opp til fortsatt differensiert minsteareal i Masfjorden kommune, men ei forenkling der ein deler kommunen i: indrefjorden med 400daa/løyve, og sørsida/nordsida med 350 daa/løyve. I forskrifta kalla: Indrefjorden og Sandnes sokn/Frøyset sokn. Indrefjorden gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal som er desse 13 valda: 4634V0015 Haugsdal indre, 4634V0016 Haukeland, 4634V0017 Midtre Haugsdal, 4634V0018 Matre Store, 4634V0019 Fagerdal / Kringlebotn, 4634V0020 Trodal, 4634V0021 Haugsvær, 4634V0022 Fossen, 4634V0023 Solheim / Kalhovda, 4634V0024 Furebotn, 4634V0026 Fossedal, 4634V0038 Vågseth 4634V0053 Hope, 4634V0054 Eikemo Stallane Solhaug. Resten av kommunen får 350 daa/løyve. Viser til [www.nordhordlandkartet.no](http://www.nordhordlandkartet.no) der valda er digitalisert med kort informasjon om valdet. Utover dette finn ein all informasjon på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no). Ut fra fellingsstatistikk ser ein at dette vil vera eit naturleg skille. I dag vert det praktisert ei 3 deling med sørsida, nordsida og indrefjorden. Ein har lagt fellingsstatistikk, «sett hjort», tidlegar vårteljing, samt innspel frå vald og grunneigarar i kommunen til grunn i arbeidet med ny forskrift. Vår vurdering er at det ikkje er ei god løysing å ha eit minsteareal for heile kommunen da bestand og trekkmonster varierer mykje og forvaltninga tilpassast etter dette. Endringa vil redusere minstearealet forholdsvis likt over heile kommunen. Valda på nordsida som tidlegare hadde litt høgare grensa enn sørsida vert no likestilte basert på at stammen på nordsida har auka til om lag same nivå som sørsida. Kommunen har dei siste åra strekt strikken ein del i høve til 50 % regelen og for 2021 er det ein stor prosent som no har nådd «taket», og me har sett eit behov for meir handlingsrom. Forskrifta legg difor opp til ei forenkling og noko utjevning basert på mange års statistikk.

## Høyring

Landbrukskontoret har utarbeida eit utkast til ny forskrift om minsteareal for hjort i Masfjorden kommune basert på at TU ynskjer ei nedsatt arealgrense i Masfjorden. Utkastet til forskrift om minsteareal for hjort i Masfjorden kommune har vore på høyring til alle valdansvarlege, leiarar i BPO, faglag, Fylkeskommunen, statsforvaltaren og nabokomunar med frist for uttale/innspel. Frist for uttale/innspel var 05.11.2021. Berre Vestland Fylkeskommune har kome med innspel til forskriftsendringa.

## Uttale

Vestland Fylkeskommune peikar på at ein kunna hatt eit teljande areal i heile kommunen, og ein kunne hatt eit litt høgare teljande areal basert på at «faktisk» minsteareal i kommune var på 479 daa td i 2020. Basert på fellingsprosent dei siste åra kunne difor minstearealet vore litt over 500 daa.

## Vurdering

Kommunen har sett på innspelet frå Vestland Fylkeskommune, og korrigert litt på tidspunktet for gjeldande forskrift samt at ein formelt etter retningsline i rettleiaren M-478/2016 får med at ein

opnar for jakt på hjort, og fastset minsteareal. §1 seier at det er lov å jakta på hjort i Masfjorden.

### **Konklusjon**

Ei mindre endring i saksframlegget, men ein finn ikkje grunn for andre endringar i forskrifta.

### **Teknisk utval - 018/2021**

#### **TU - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **TU - vedtak:**

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

#### **§ 1 Opning av jakt**

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

#### **§ 2. Minsteareal**

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

#### **§ 3 Verknadsdato.**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

### **Formannskapet - 012/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Teknisk utval val vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

## **§ 1 Opning av jakt**

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

## **§ 2. Minsteareal**

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

## **§ 3 Verknadsdato.**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.